

Direktoratet for forvaltning og IKT
Postboks 8115 Dep.
0032 OSLO

Deres referanse

Vår referanse
200800467

Dato
26.02.2008

Statsbudsjettet 2008 - Tildelingsbrev

Vi viser til Stortingets behandling av St. prp. nr. 1 (2007-2008), jf. Budsjett innst. S.nr.5 (2007-2008). Med bakgrunn i dette har Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) utarbeidd dette tildelingsbrevet som gir dei økonomiske rammene for Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) og fastlegg prioriteringar, resultatmål og krav til rapportering.

1. BUDSJETT OG FULLMAKTER

1.1 Budsjetttrammer

1.1.1 Rammer

Utgifter:

Direktoratet er tildelt **112,943 mill. kroner** i 2008:

KAP.1521

		<i>(i 1000 kr)</i>
Post	Namn	Budsjett 2008
01	Driftsutgifter	90 660
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	9 283
22	Miside, <i>kan overførast</i>	13 000
	Sum kap. 1521	112 943

Vi syner til St.prp. nr. 1 (2007-2008) omtale under kap 1521 post 01 Driftsutgifter der det mellom anna framgår: 'Direktoratet vil ha om lag 100 tilsette. I tillegg kjem det som ein vurderer å overføre av ressursar og tilsette frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet.'

Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) har i St.prp. nr. 39 (2007-2008). lagt fram forslag om fullmakt til å omdisponere løyvingar frå kapitla 1500, 1560 og 1561 I påvente av handsaminga i Stortinget legg FAD til grunn at dei tilsette som det er planlagt å overføre vert stilte til rådvelde for DIFI og vil kunne disponerast av direktoratet frå 1. januar 2008. Når det gjeld mål og oppgåveportefølje for DIFI i 2008, er dette tildelingsbrevet utforma slik at dei oppgåver som ein vil overføre frå FAD er tekne med. Dette gjeld med atterhald om Stortingets vedtak om overføring av løyvingar frå FAD. Førebels er det rekna ut og overføre ressursar slik det framkommer nedanfor.

		(i 1000 kr)
<i>Kap 1500 post 01</i>		
Lønn 18 årsverk	8 610	
Drift 18 årsverk	2 926	
Drift EPJ og opplæring OEP	1 250	
Sum		12 536
<i>Kap 1500 post 21</i>		
Forvaltningsdatabasen.	500	
Utvikling av dei menneskelege ressursane i staten gjennom god leiarskap, personal- og kunnskapsutvikling, ma Europakompetanse	1 250	
Sum		1 750
<i>Kap 1560 post 22</i>		
Lønn 2 årsverk engasjement	1 075	
Drift 2 årsverk engasjement	325	
Åpne IT-standarder	3 000	
Samarbeidsprogram stat/kommune	5 000	
Samordning offentlig IKT	2 000	
Sum		11 400
<i>Kap 1561 Post 70</i>		
CIP – pilotprosjekt elektronisk handel	2 000	
Sum		2 000
Sum totalt		27 936

Samstundes vil det i løpet av 2008 verte overført naudsynt løyving knytt internasjonale program, nasjonal brukarundersøking leiarutvikling og andre kompetansetiltak (inkludert e-læringsprogram). Det vil også verte vurdert å overføre løyving til elektronisk ID og signatur og til breiband/tiltak for å sikra erfaringsoverføring frå Høykom.

Inntekter

Det er føreset at Direktoratet skal føre til inntekt **5,022 mill. kroner** i 2008.

KAP 4521

		<i>(i 1000 kr)</i>
Post	Namn	Budsjett 2008
01	Sal av informasjonstenester	22
02	Andre inntekter	5 000
	Sum kap. 4521	5 022

1.1.2 Føresetnader for løyvingane

Direktoratet for forvaltning og IKT vert oppretta frå 1.01.2008 og løyvingane dekkjer lønns- og driftsmidlar til tidlegare Statskonsult (Interimsorganisasjon for nytt forvaltningsorgan), Noreg.no, E-handelssekretariatet og Miside.

1.1.3 Særlege føringar og endringar på dei enkelte postane

Utgifter

Post 22 Miside

Posten skal dekkje utgifter knytte til vidareutvikling av Miside.

Inntekter

Post 02 Andre inntekter

Inntekter knytte til deltakaravgifter og ev vidareføring av avtalar som stammar frå Statskonsult A/S.

1.1.4 Endringar i utgifter/inntekter

Uventa utgifter eller bortfall av inntekter i løpet av året skal normalt dekkjast ved omdisponeringar innan den økonomiske ramma. Om det ikkje er mogleg, skal departementet orienterast så raskt som råd er, og saka takast opp anten om våren (revidert nasjonalbudsjett) eller om hausten (nysaldering). Framlegg om justeringar skal omfatte:

- Grunngeving for framlegg om endring av inntekter eller utgifter
- Grunnlag for løyvingsforslaget og vurdering av usikre moment knytte til framlegget
- Informasjon om tiltak som er gjennomførte for å avgrense auken i utgifter / reduksjon av inntekter
- Framlegg til inndekning av auken i utgifter / reduksjon av inntekter

Eventuelle forslag til justeringar våren 2008 skal sendast FAD seinast 28. februar 2008.

Eventuelle framlegg til justeringar hausten 2008 skal seinast sendast ism. rapporten for 2. tertial med frist 25. september 2008.

1.2 Fullmakter

FAD har fått fullmakt til å overskride løyvingane under kap. 1521 post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4521 postane 01 og 02, jf. St.prp. nr. 1 (2007-2008) vedtak II. Fullmakta vert med dette delegert vidare. Departementet gjer særskilt merksam på at denne fullmakta berre gjeld utgifter og inntekter knytte til sal av informasjonstenester, kontraktar som vart inngåtte av Statskonsult AS og deltakaravgifter på kurs- og kompetansetiltak.

For andre forhold skal direktoratet søkje departementet om samtykke til å overskride løyvingane under postane 01, 21 og 22 mot tilsvarende meirinntekter, jf. Finansdepartementets rundskriv R110/2005.

FAD delegerer andre økonomiske og administrative fullmakter til direktoratet i 2008 slik dei er omtalte i vedlegg 1.

2. MÅL OG RESULTATKRAV

2.1 Mål

Direktoratet skal medverke til at statsforvaltninga er kjenneteikna av kvalitet, effektivitet, brukarretting, openheit og medverknad, og at ho er godt og målretta leia og organisert, med nødvendig samordning på tvers av sektorar.

Direktoratet skal medverke i gjennomføringa av forvaltningspolitikken og fornyingsarbeidet til Regjeringa, og styrkje Regjeringas gjennomføringskraft knytt til IKT. Direktoratet skal òg assistere i oppfølginga av regelverk på innkjøpsområdet, og vere pådrivar for innføring av elektroniske forretningsprosessar og ehandel i heile den offentlege sektoren.

Direktoratet skal støtte det primære linjeansvaret for forvaltningsutviklinga gjennom å ta hand om det nødvendige felles, tverrgåande (regelverk og fellestiltak), og vere til hjelp for linjeleiinga i sektorane og verksemdene, mellom anna med utgreiningar og rådgivingar når det trengst. Direktoratet si tilnærming skal vere kunnskapsbasert og verke for kontinuerleg utvikling og forbetring av offentleg sektor ved bruk av spisskompetanse og formidling av kunnskap på tvers av sektorar og fagområde. Leveransane skal halde høg kvalitet, bygde på god kompetanse på kvart fagområde og tverrgåande kunnskap om forvaltninga nasjonalt og internasjonalt.

2.2 Delmål, oppgåver og rapportering

For 2008 har departementet valt å dele inn den overordna målsetjinga i fem delmål:

- Leggje til rette for føremålstenleg og effektiv organisering, og gode omstillingsprosessar for statleg verksemd
- Leggje til rette for koordinert IKT-utvikling og effektive og brukarretta tenester i offentleg sektor
- Leggje til rette for betre statleg kommunikasjon overfor innbyggjarar og andre aktørar
- Leggje til rette for utvikling av dei menneskelige ressursane i staten gjennom god leiarskap, personal- og kompetanseutvikling
- Leggje til rette for samfunnsstenlege, kostnadseffektive og kvalitetsretta offentlege innkjøp

Å medverke til kontinuerleg fornying og oppfølging av regjeringas fornyingsstrategi er eit gjennomgåande mål på tvers av delmåla. Oppgåvene og krava til direktoratet på dette området vil gå fram av dei enkelte målområda omtalte nedanfor.

Strategiprosessen frå 2007 skal vidareførast i 2008, jf. omtale i kapittel 2.3. I denne prosessen skal ein sjå nærare på rolle- og arbeidsdelinga mellom departement og direktorat. I vedlegg 3 er det ei førebels drøfting av rolle- og ansvarsdelinga mellom departement og direktorat på IKT-området.

Direktoratet skal på sine område utføre oppgåver også for andre departement enn FAD. Kriteria for prioritering av oppgåver frå andre departement og underliggjande verksemder skal byggje på at direktoratet skal prioritere oppgåver i 2008 der direktoratet er den som er best eigna, og løyse dei oppgåvene som gir størst effekt i 2008. Det inneber at direktoratet:

- Skal prioritere oppgåver av tverrgåande karakter eller der oppgåveløysinga kan ha overføringsverdi til andre statlege verksemder eller departementsområde.
- I hovudsak berre skal ta på seg oppgåver frå andre statlege aktørar enn FAD der direktoratet har betre kompetanse og føresetnad for å løyse oppgåva enn for eksempel eksterne konsulentar eller det departementet/den underliggjande verksemda som ønskjer at direktoratet skal løyse oppgåva.
- Skal prioritere dei oppgåver som er viktigast i forhold til utgreiing, planlegging og gjennomføring av større reformer og viktige tiltak for realisering av regjeringas politikk.

2008 vil vere eit krevjande år for direktoratet med tanke på at det skal etablerast ein ny organisasjon og til dels nye arbeidsformer der det vert lagt sterk vekt på faktabasert kunnskap. Samtidig vil gode leveransar vere avgjerande for at direktoratet skal vere ein interessant samarbeidspartnar for departementa og dei underliggjande verksemdene. Det er òg naudsynt med eit nært og godt fagleg samarbeid mellom direktoratet og fagavdelingane i departementet. Alle instruksar til direktoratet og tingingar av oppdrag skal skje skriftleg og vere underskrivne av den ekspedisjonssjefen som har ansvaret for etatsstyringa av direktoratet. På grunn av utfordringane knytte til direktoratets trong til konsolidering og rekruttering i oppstartsåret, er det naudsynt at departement og direktorat har tett dialog og eventuelt justerer forventningar undervegs. Vi legg opp til eit samarbeidsseminar mellom leiinga i FAD og DIFI, og møte ved behov mellom direktør, departementsråd og ekspedisjonssjef for etatsstyring.

Direktoratet skal rapportere på måla og krava i tildelingsbrevet gjennom:

- å skildre direktoratets aktivitetar og aktivitetsnivå
- vurderingar av korleis direktoratet sine aktivitetar kvalitativt og kvantitativt har medverka til å oppfylle delmåla og direktoratets hovudmål.

Vurderingane skal mellom anna gjerast med basis i brukarundersøkingar for direktoratet si verksemd.

Årsrapporten skal innehalde ei utgreiing om analyse, rådgivings- og formidlingsverksemda. Utgreiinga bør m.a. omfatte dei mest sentrale problemstillingane som har vore handsama, ev. trendar ein ser når det gjeld endringar i statsforvaltninga, og status for arbeidet med kompetansebygging i statsforvaltninga, offentlege anskaffingar og bruk av IKT i forvaltninga.

I vurderinga av arbeidet til direktoratet vil departementet leggje særleg vekt på:

- Kor viktige prosessar direktoratet har vore involvert i og kor viktige bidrag dei har levert.
- Kvalitet og relevans av dei tilrådingar som er utforma.
- Brukarerfaringar.
- Kvalitet i formidling av kunnskap utover rådgivingsverksemda.

Direktoratet skal i løpet av 2008 utarbeide forslag til resultatindikatorar som klårgjer desse kriteria på kvart enkelt delmål.

2.2.1 Medverke til føremålstenleg og effektiv organisering, og gode omstillingsprosessar for statleg verksemd

Direktoratet skal gjennom verksemda medverke til at organiseringa av staten er føremålstenleg, at offentleg sektor er kostnadseffektiv og godt samordna på tvers av sektorar. Direktoratet skal òg medverke til gode omstillingsprosessar i staten.

I samarbeid med eksterne fag- og forskingsmiljø skal direktoratet sikre kunnskapsutvikling om korleis ulike verkemiddel knytte til organisasjon og leiing i staten verkar. Gjennom mellom anna rådgiving og rettleiing skal direktoratet formidle kunnskap om korleis alternativ organisering og andre verkemiddel fungerer i høve til dei tverrgåande og overordna politiske måla.

I 2008 skal direktoratet:

1. Medverke i arbeidet med å utforme ein fornya og robust forvaltningspolitikk.

Regjeringa skal hausten 2008 leggje fram ei stortingsmelding om forvaltningspolitikken. Direktoratet skal etter tinging frå departementet delta i arbeidet med å gjennomgå status og greie ut tiltak for å vidareutvikle forvaltningspolitikken og delta i departementet sine arbeidsgrupper.

Direktoratet skal medverke i eller sjølv utføre utgreiingsoppdrag knytte til meldinga på oppdrag frå FAD.

2. Drive rådgiving og stå for områdegjennomgangar

Direktoratet skal gi råd til departement og andre statlege verksemder om fornying, omstilling og organisering. Prioritering av oppdraga skal skje etter dei føringane som er gitte under punkt 2.2. Delmål, oppgåver og rapportering.

I samråd med FAD skal DIFI i 2008 gjennomføre inntil tre større områdegjennomgangar. Det kan vere gjennomgangar som er sektorovergripande eller gjennomgangar som går i djupna på problemstillingar innanfor ein sektor, men som det kan ha stor overføringsverde å sjå nærmare på. Aktuelle tema kan mellom anna vere:

- o Oppgåve- og rollefordeling mellom departement og direktorat
- o Målingar av effektivitet og kvalitet i offentleg sektor
- o Saksbehandlingsprosessar i forvaltninga som kan forenklast¹

Direktoratet skal i årsrapporten gjere greie for erfaringar og hovudfunn frå denne verksemda, jf. pkt 2.2. ovanfor.

¹ Bør sjåast i samanheng med arbeidet med IKT-arkitektur.

3. Gjennomføre ei nasjonal innbyggjarundersøking

Direktoratet skal gjennomføre ei stor nasjonal innbyggjarundersøking som skal kartleggje kor nøgde innbyggjarane er med offentlege tenester. Resultata må gjerast tilgjengelege slik at dei kan nyttast på ein konstruktiv måte i fornyingsarbeid.

4. Stå for kunnskapsinnsamling og formidlingsverksemd

Direktoratet skal formidle kunnskap om fornying, omstilling og organisering gjennom ulike kanalar, som kurs og konferansar, nettverk, trykte publikasjonar og Internett.

Departementet vil kunne gje direktoratet i oppdrag å utarbeide publikasjonar, mellom anna som oppfølging av meldinga om forvaltningspolitikken nemnd ovanfor. Når det gjeld kva slags publikasjonar departementet bør utgje sjølv og kva for publikasjonar som skal utgivast av direktoratet, vil den normative funksjonen til publikasjonane vere avgjerande – rettleiarar eller temahefte utforma på bakgrunn av etablert politikk skal direktoratet publisere sjølv.

I samråd og samarbeid med departementet skal konseptet for Forvaltningsutsyn utviklast, og det skal opprettast eit redaksjonsråd for publikasjonen. Forvaltningsdatabasen er eit viktig underlagsmateriale for presentasjonar i publikasjonen. Direktoratet vil ha ansvar for tilskot til og oppfølging av forvaltningsdatabasen som er driven av NSD. Direktoratet skal i 2008 vurdere korleis databasen kan utviklast slik at han vert meir eigna til å klassifisere og skildre utviklinga i statsforvaltninga.

I løpet av 1.kv. 2008 skal direktoratet slutføre arbeidet med utvikling av ein rettleiar for berekning av samfunnsøkonomiske kostnader og gevinstar ved statlege omstillingar.

I formidling og kunnskapsinnhenting om fornying skal det lagast eit opplegg for auka innhenting, systematisering og spreing av kunnskap om og bruk av fornyingsverkemiddel nasjonalt og internasjonalt. Departementet ønskjer å nytte DIFI i samband med Statres, men kjem attende til korleis dette skal gjerast.

2.2.2 Leggje til rette for koordinert IKT-utvikling og effektive og brukarretta tenester i offentleg sektor

Direktoratet skal medverke til god utnytting av IKT i utviklinga av forvaltninga og effektiv elektronisk samhandling med innbyggjarar, næringsliv og internt i forvaltninga. Direktoratet skal medverke til oppfølging av St.meld. nr. 17 (2006–2007) «Eit informasjonssamfunn for alle», mellom anna ved å etablere og forvalte felles IKT-løysingar og IKT-standardar for offentleg sektor og medverke til at offentlege verksemdar tek desse i bruk.

I 2008 skal direktoratet:

1. Medverke til etablering av felles løysingar for eID og e-signatur for offentleg sektor.

Avhengig av avgjerd om eID-strategi, kan oppgåver på dette området omfatte:

- Etablere første versjon av eit felles samtrafikknav for offentleg sektor. Samtrafikknavet skal ikkje vere synleg for sluttbrukarane og utformast slik at overgangen vert enklast mogleg for offentlege verksemdar som i dag bruker den mellombels autentiseringsløysinga for Miside (MinID) eller eigne løysingar.
- Medverke i Skattedirektoratets arbeid med etablering av ei ordning for utsteding av eID på nivå 3 eller etablere ei slik ordning på grunnlag av røymsler med MinID.

Departementet vil så raskt som mogeleg komme attende med ei nærare skildring av kva ein forventar at direktoratet skal medverke med på dette området

2. Utarbeide forslag til og forankre felles forvaltningsstandardar, IKT-arkitektur, felleskomponentar, metodikk og retningslinjer for IKT i offentleg sektor, mellom anna:

- I samråd med FAD følgje opp arbeidet med felles IKT-arkitektur i offentleg sektor, inklusiv konkretisering av forslaget om felleskomponentar (jfr forslag frå arbeidsgruppe som leverer sitt forslag januar 2008).
- Frå 1. august overta sekretariatsfunksjonen for standardiseringsrådet og forvalte referanse katalogen over forvaltningsstandardar. Innan utgangen av året skal direktoratet utarbeide forslag til ny versjon av referanse katalogen.
- Forvalte og vidareutvikle statens standardavtalar for IT-innkjøp, og medvirke med rettleiing og kompetanseutvikling knytt til bruk av avtalane. Reguleringar om anskaffing og bruk av fri programvare skal implementerast i avtalane.
- Forvalte Kravspesifikasjon for PKI i offentleg sektor og i samråd med Post- og teletilsynet vurdere behovet for å utarbeide ny versjon av kravspesifikasjonen.
- Forvalte Rammeverk for autentisering og ikkje-nekting ("uavviselighet") i elektronisk kommunikasjon med og i forvaltninga.

3. Forvalte og vidareutvikle nettstaden Noreg/Noreg.no, inklusiv Miside, med fleire tenester og auka nytte for brukarane, mellom anna:

- I samarbeid med tenesteeigarar utarbeide strategi og gjennomføringsplan for Noreg.no og Miside, inklusiv ei vurdering av samanhengen mellom Miside og Noreg.no elles (både merkevare og teknisk løysing). Strategi og gjennomføringsplan skal leggjast fram for departementet.
- I samarbeid med Brønnøysundregistra gjere det enklast mogleg for etatar og kommunar å forholde seg til både Altinn og Miside på ein standardisert måte. DIFI og BR skal vurdere etablering av felles funksjonar og felles teknisk løysing for dei to portalane.
- Forvalte og vidareutvikle den mellombelse autentiseringsløysinga for Miside inntil ei ny felles eID-løysing kan takast i bruk.

4. Stimulere til betre kvalitet, tilgjengelegheit og samordning av offentlege nettstader og medverke til universell utforming av IT-løysingar, som ved å:

- Utarbeide og oppdatere kvalitetskriterium og jamleg vurdere kvaliteten av statlege og kommunale nettstader.
- Vidareføre arbeidet med offentleg tenestestruktur (Los, tidlegare LivsIT) for å gjere det lettare for innbyggjarane å finne fram til offentlege tenester på nettet. Ei vurdering av vidare innretning skal leggjast fram for departementet.

5. Medverke til koordinering og effektivisering av IT-utviklinga i forvaltninga, som:

- Formidle kunnskap og erfaringar innan IKT-området til forvaltninga, inklusiv rettleiing om forskrift om elektronisk kommunikasjon.
- Assistere FAD i arbeidet med styring og samordning av viktige IT-tiltak i staten
- I samarbeid med FAD vurdere behovet for og samanhengen mellom ulike samarbeidsfora og/eller andre styringsmessige verkemiddel.
- På bakgrunn av røymsler frå kontakten både med innbyggjarar og offentlege verksemdar medverke i FADs arbeid med utvikling av IKT-politikken på område

knytte til offentlig sektor (bl.a eNoreg-plan og ny stortingsmelding om forvaltningsutvikling).

6. Medvirke til IT-utvikling og enklere og mer effektiv elektronisk samhandling i og med kommunesektoren. Volumet på denne innsatsen vil være avhengig av utfall av budsjettprosessen.:

- I samarbeide med FAD fullføre eit forprosjekt, med sikte på å byggje opp og førebu eit nytt 3-årig utviklingsprogram for meir effektiv og betre elektronisk samhandling i og med kommunal sektor, med særleg vekt på grenseflata mellom kommunal sektor og staten, jf omtale i FADs St. prp. nr. 1 (2007-2008) kap 1560 post 22 (s 80). Arbeidet må skje i samarbeid med andre direktorat og miljø med sektoransvar og grenseflater mot kommunal sektor. Innrettinga og omfanget av programmet frå 2009 vil avhenge av utfall av budsjettprosess.
- I samarbeid med Høykom-sekretariatet i NFR utarbeide og gjennomføre eit opplegg for overføring og forvaltning av røynsler frå Høykom-programmet. Dette arbeidet må sjåast i samanheng med oppbygging av det nye programmet for elektronisk samhandling i og med offentlig sektor.

7. I løpet av 2008 skal direktoratet ta over ansvar for oppfølging og nasjonal koordinering av viktige internasjonale samarbeidsprogram på IT-området

Nærare tidspunkt for overtaking vert fastsett i dialog mellom departement og direktorat. Ansvar vil mellom anna omfatte:

- Vere nasjonalt kontaktpunkt for IKT-programmet under EU-programmet CIP (Competitiveness and Innovation Framework Programme, 2007-2013). Direktoratet og departementet skal saman utarbeide mandat for kontaktpunktet sine oppgåver.
- Vere nasjonalt kontaktpunkt for EU-programmet IDABC (Interoperable Delivery of European eGovernment Services to public Administrations, Business and Citizens, 2005-2009). Direktoratet og departementet skal saman utarbeide mandat for kontaktpunktet sine oppgåver.
- Sikre nasjonal koordinering og implementering av EUs sikre nett for kommunikasjon mellom offentlege verksemder (s-TESTA), inklusiv etablering av driftsavtale med ekstern leverandør og konvertering av etatsløyser frå det noverande Testa2-nettverket til nytt sTesta-nettverk.

8. Forvalte og vidareutvikle offentlig elektronisk postjournal (OEP og EPJ), Norsk Lysningsblad og nettstadene Doffin.no og ehandel.no:

- Etablere og ivareta administrator- og forvaltningsfunksjonen for den nye tenesta Offentleg elektronisk postjournal (OEP), som skal tre i kraft 1. juli 2008. I tillegg skal også direktoratet ha ansvar for EPJ som før, jf. dagens driftsavtale med ERGO. Når OEP vert lansert, skal EJP vere ein historisk database.
- Forvalte og ha operatøransvaret for Norsk Lysningsblad.
- Forvalte og jamleg forbetre nettstadene Doffin.no og ehandel.no (jfr avsnitt 2.2.5 om offentlege innkjøp).

2.2.3 Medvirke til betre statleg kommunikasjon overfor innbyggjarar og andre aktørar

Direktoratet skal medverke til å leggje grunnlaget for og forvalte ein god statleg kommunikasjonspolitik, og gi innbyggjarane og andre aktørar rettleiing og råd i kontakten med offentleg sektor.

I 2008 skal direktoratet:

1. **Medverke til meir demokrati og deltaking**, som:
 - Hjelpe FAD med å utarbeide ei rettleiing i brukarmedverknad for offentleg sektor (sekretariat) og forvalte, setje i verk og vere pådrivar for rettleiinga når ho er vedteken
 - Arbeide med enklare språk og meir tilgjengeleg innhald i offentlege publikasjonar og brev retta mot innbyggjarar (bl.a. saman med Språkrådet)

2. **Assistere i utvikling og oppfølging av den nye kommunikasjonspolitikken**, mellom anna:
 - gjennom sekretariatshjelp for arbeidsgruppe leia av FAD
 - ved å forvalte og setje i verk/vere pådrivar for den nye statlege kommunikasjonspolitikken når han er vedteken, mellom anna ved å utarbeide nødvendige rettleiingar
 - ved å gi råd til statlege verksemdar i utforming av kommunikasjonsstrategiar

3. **Medvirke til kvalitetsvurdering av offentlege nettstader.**

4. **Forvalte det statlege annonsereglementet, og på førespurnad lage utgreiingar og berekningar knytte til annonsereglementet for departementet**

2.2.4 Medvirke til utvikling av dei menneskelege ressursane i staten gjennom god leiarskap, personal- og kompetanseutvikling

Direktoratet skal som staten sitt kompetansesenter vere ein pådrivar for betre personaleiar- og kompetanseutvikling i staten, og medverke til ei fornying av arbeidsgivarpolitisk praksis i statlege verksemdar.

Direktoratet skal med bruk av samansette læringsverkemiddel medverke til å styrkje kompetansen og leiarskapen og betre kunnskapsforvaltninga i staten, med vekt på felles verdiar, regelverk, arbeidsmåtar og kultur. Direktoratet skal utvikle og tilby kompetansetiltak som kurs og konferansar, utviklingsprogram og -prosjekt, nettverk og e-læring for tilsette og leiarar og tilby metodar, evalueringar, verktøy og prosessar, fora, råd og støtte til læring og kompetanseutvikling.

I 2008 skal direktoratet:

1. **Utvikle og gjennomføre kompetansetiltak**, som
 - program for nyttilsette i staten
 - kurs i felles regel- og avtaleverk og grunnleggjande forvaltningskunnskap, etikk, språk osv,
 - setje i verk eit løft innan Europa-kompetanse (jf. oppfølging av St.meld. nr. 23 (2006-2007))
 - tilby program for talent- og karriereutvikling, mellom anna vidareutvikle og forvalte Karriereprogrammet i staten

- leggje fram eit heilskapleg forslag til korleis opplæringsverksemda skal drivast. Dette kan eventuelt inngå som ein del av direktoratets strategiarbeid (sjå punkt 2.3)
 - utvikle samarbeid om kompetansetiltak med SSØ der dette er fornuftig.
2. **Utvikle og gjennomføre leiarutviklingstiltak, som:**
 - tiltak for leiarar på alle nivå og fasar av leiarkarrieren
 - medvirke til og følgje opp ny leiarplattform
 3. **Utvikle metodar og verktøy for kunnskapsforvaltning og kompetansetiltak med fleksible og samansette læringsverkemiddel med IKT (e-læring), og rådgi statlege etatar om dette, som**
 - utarbeide ein strategi for bruk av e-læring ism. DIFIs kompetansetilbod
 - utarbeide eit e-læringsprogram for nyttilsette i staten
 4. **Utvikle og forvalte ordningar som m.a. skal medvirke til utvikling av kompetanse på tvers, som**
 - nettverk, mobilitets- og hospiteringsordningar
 - nordisk tenestemannsutveksling
 - evt. nye tariffavsette kompetansemiddel
 5. **Utvikle og gjennomføre tiltak knytte til mangfald og inkluderande arbeidsliv, som**
 - gjennomføre forsøk med moderat kvotering av personar med innvandrarbakgrunn
 - gjennomføre eit nytt traineeprogram i direktorat og tilsyn for personar med nedsett funksjonsevne
 - medverke til å innhente rapportar om utvikling av resultata i IA-området, som sjukefråvær, nedsett funksjonsevne og pensjoneringsalder, for å styrkje kunnskapsgrunnlaget og det vidare utviklingsarbeidet
 - tilby utviklingstiltak som gjer det lettare for leiarane å oppnå intensjonane i avtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv på verksemdsnivå
 6. **Medvirke til å følgje opp samarbeidsavtalen mellom FAD og Ministry of Personnel (Kina)**
 7. **Gje faglig hjelp til oppfølging av tilrådingane frå arbeidsgruppe som har fremja tiltak for betre forvaltning av "Nasjonale eksperter i EU institusjonene" jf. Om gjennomføring av europapolitikken (st. meld. nr. 23 (2005-2006))**

2.2.5 Leggje til rette for samfunnstenlege, kostnadseffektive og kvalitetsretta offentlege innkjøp

Forvaltningsorganet skal medverke til auka verdiskaping gjennom mest mogleg effektiv ressursbruk ved offentlege innkjøp. Forvaltningsorganet skal òg medverke til at offentlege innkjøp skjer på ein ryddig og samfunnstenleg måte, og arbeide for at miljøbelastinga knytt til offentlege innkjøp vert minimert. Gjennom arbeidet med innføring av heilskaplege elektroniske innkjøpsprosessar i offentleg sektor skal direktoratet medverke til betre, enklare og sikrere offentlege innkjøp.

Mål for direktoratet sitt arbeid på dette området er å medverke til at offentlege innkjøparar følgjer regelverk for offentlege innkjøp og sikrar effektiv og miljøvennleg bruk av offentlege ressursar.

Hovudansvarsområda vil vere:

- kunnskapsspreiing og informasjon om offentlege innkjøp
- utvikle, forvalte og vere pådrivar for bruk av elektroniske løysingar
- oppfølging av Regjeringas handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp. Ein viser til nærare omtale i Miljøverndepartementets St.prp. nr 1 (2007–2008) kap. 1447 Miljøomsyn i offentlege innkjøp
- deltaking i internasjonalt samarbeid for å medverke til standardisering og gjennomføring av offentlege innkjøp på tvers av landegrensar.

I 2008 skal direktoratet:

- 1. Leggje til rette for vidareutvikling og monaleg auka bruk av elektronisk handel i offentlege innkjøp, som²:**
 - vidareutvikle Doffin.no og Ehandel.no (ny e-handelsplattform)
 - i samarbeid med SSØ og KS, bidra til å etablere løysingar for elektronisk faktura for offentlege innkjøp
 - greie ut fellesregister for leverandørinformasjon
- 2. Leggje til rette for utviklinga av innkjøpsnettverk i offentleg sektor, og i erfarings- og kompetanseoverføring mellom desse, som:**
 - i samråd med brukarane, styrkje eit heilskapleg nettbasert informasjons- og kommunikasjonstilbod om offentlege anskaffingar
 - arrangere fagsamlingar for innkjøpsnettverk
- 3. Kartleggje brukarane sitt behov for nye verktøy, malar e.l som kan forbetre og effektivisere innkjøpsprosessen, og starte arbeidet med utviklinga av dette.**
- 4. I samsvar med oppdrag frå Miljøverndepartementet setje i verk regjeringas politikk på områda miljøansvar ved offentlege innkjøp og miljøleingsystem, mellom anna ved å følgje opp regjeringas handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar**
- 5. Koordinere og følgje opp europeisk pilotprosjekt om elektronisk handel (del av CIP ICTPSP), føresett avklaringar og kontrakt med Kommisjonen**
Departementet syner til eige brev frå FAD om rammer for tingingane med Kommisjonen.

2.3 Strategiarbeid i 2008

Direktoratet skal gjennomføre ein strategiprosess i 2008 som byggjer på det arbeidet som er gjort i 2007 med å etablere direktoratet. Strategiarbeidet skal ha følgjande milestøpar:

- Direktoratet skal utarbeide eit utkast til strategi for verksemda innan utgangen av september.

² Arbeidet med ny ehandelsplattform bør setjast i gang i løpet av 1. kvartal 08, kontrakt inngåast i 4. kvartal og 2009 brukast til test/godkjenning og overgang til ny løysing. Ansvarsfordeling må avklarast med SSØ.

- Utkastet skal leggest fram for departementet og vil verte drøfta etter at FAD ev har lagt det fram for dei andre departementa.
- Direktoratet skal deretter utforme sitt endelege utkast til strategi og leggja han fram for departementet.

Direktoratet må komme tilbake til departementet med eit meir detaljert forslag til korleis prosessen bør leggest opp og med framdriftsplan. Strategiprosessen bør inngå som ein del av ein prosess med leiinga i departementet og direktoratet for å medverke til gode styrings- og samarbeidsformer mellom dei to partane.

Strategien skal blant anna:

- medverke til å klargjere direktoratet sine roller og forhold til andre aktørar eksternt og internt i staten, ikkje minst på IKT-området og innkjøpsområdet. På IKT-området er rollefordelinga førebels skissert i vedlegg 4. Med utgangspunkt i erfaringane frå oppstartperioden skal DIFI og FAD, med hjelp utanfrå, vurdere om ein skal gjere justeringar for å gje eit meir slagkraftig samspel
- avklare korleis direktoratet og FAD *samla* kan oppnå best effekt av ressursinnsats på dei aktuelle fagområda, og finne dei mest tenlege samarbeidsformene for ulike fagområde
- klargjere kommunikasjonsstrategi for direktoratet
- avklare korleis ein skal arbeide i forholdet til eksterne fagmiljø nasjonalt og internasjonalt og korleis direktoratet kan trekkje på interne ressursar i staten (hospiteringsordningar mv.)
- avklare korleis ein kan arbeide i forhold til departement og underliggjande verksemder som brukarar av direktoratet, for å sikre god kontakt med brukarane av direktoratet og sikre at brukarane opplever direktoratet som eit nyttig og spisskompetent fagmiljø på sine fagområde.

På IKT-området er rollefordelinga foreløpig skissert i vedlegg 4. Med utgangspunkt i erfaringane frå oppstartperioden skal DIFI og FAD, med hjelp utanfrå, vurdere om ein skal gjere justeringar for å gje eit meir slagkraftig samspel.

2.4 Felles føringar

Føringane under dette punktet gjeld alle statlege verksemder:

2.4.1 IKT-området

Ei overordna målsetjing er å gjere brukarane sitt møte med det offentlege enklare og frigjere ressursar både hos brukarane og hos det offentlege. Kvar einskild verksemd må i arbeidet sitt med tenesteutvikling vurdere korleis IKT kan nyttast i dette arbeidet. Aktuelle e-tenestar skal gjerast tilgjengelege gjennom portalane MiSide (for innbyggjarane) og Altinn (for næringslivet).

Statlege verksemder skal leggje vekt på universell utforming gjennom å følgje kvalitetskriteria ³(WAI) for tilgjengelegheit til nettbaserte tenester. Verksemda skal nytte WAI-kriteria slik dei kjem fram i Noreg.no sine kvalitetskrav til nettstader, ved nyutvikling eller omfattande vidareutvikling av sine eksterne og interne nettstader.

³ Web Accessibility Initiative (WAI) er internasjonale kriterium for tilgjengelegheit til weben.

2.4.2 Grøn stat – miljøleing i staten

Regjeringa la sommaren 2007 fram Handlingsplan 2007-2010 Miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp der det blir stilt krav til innkjøp av prioriterte produktgrupper. Statlege verksemder må følgje opp miljøpolitikken og inkludere den i det interne styringssystemet. Vidareføring av miljøleing (Grøn stat) i statlege verksemder er ein del av handlingsplanen. Miljøleing er eit verkty for å auke medvitet om miljøkonsekvensane av ei verksemd og setje i gang eit systematisk arbeid for å endre verksemda i ei miljøvennleg retning. Det skal gjerast ein årleg revisjon av miljøleingsarbeidet der det vert lagt til rette for kontinuerlege forbetringar. På nettsida grøn stat.no er det samla rettleingar, verkty og relevante eksempel i samband med innføringa av miljøleing.

Verksemda sin årsrapport skal inneholde følgjande:

- Korleis handlingsplanen er følgd opp i verksemda
- Ein kort rapport om arbeidet med miljøleing i verksemda

2.4.3 Inkluderande arbeidsliv og staten som arbeidsgjevar

Verksemda skal ha fokus på god leing, organisering og styring. Leiarar skal sette tydelege krav og verdsette innsats og resultat. Arbeidsforma i verksemda skal vere prega av brukarorientering, openheit, effektivitet, kvalitet og medverknad.

Verksemda skal arbeide for å utvikle og sikre ein inkluderande og stimulerande personalpolitikk. Personalpolitikken må sikre brei rekruttering, stimulere til kulturelt mangfald og bredde i kompetansen. Utvikling av dei tilsette sin kompetanse skal vere forankra i langsiktig kompetanseplanlegging. Målretta tiltak skal leggje til rette for ein personalpolitikk som verkar motiverande for dei tilsette og hindrar utstøying av eldre arbeidstakarar.

Verksemda skal vidare omtale planlagte, og gjennomførte tiltak, samt resultatutviklinga i forhold til eigne måltall i IA-området i sine rapportar knytte til den ordinære etatsstyringsdialogen (minske sjukefråværet, behalde og rekruttere personar med nedsatt funksjonsevne og auke den reelle pensjoneringsalderen). Ei god oppfølging i verksemdene er særskild viktig då departementet skal omtale utviklinga innanfor eige departementsområde i St.prp.nr 1.

2.4.4 Brukarundersøkingar

Verksemda skal gjennomføre regelmessige, systematiske brukarundersøkingar. Desse skal som hovudregel verte gjord offentleg tilgjengelege. Embeta vurderer sjølvve kor ofte det er formålstenleg å gjennomføre slike undersøkingar. Utforminga skal byggje på lokale vurderingar. Plan for gjennomføring og resultat vert rapportert i årsrapporten.

2.4.5 Integrering og inkludering av personer med innvandrerbakgrunn

Regjeringa har bestemt at alle statlege verksemder i 2008 skal setje mål og utarbeide planar for å auke rekrutteringa av personar med innvandrarbakgrunn. Slike mål og planar kan t.d. inngå i verksemds- og/eller personalplanar. Det skal rapporterast på måloppnåing i årsrapporten. Dette inngår som eitt av tiltaka i handlingsplanen for integrering og inkludering som regjeringa la fram i statsbudsjettet for 2007. I årsrapporten for 2008 skal det på denne bakgrunnen rapporterast på:

- Tal (og prosentdel) på tilsette (faste og mellombels stillingar) med innvandrarakgrunn i verksemda den 1.1.2008.
- Kva mål verksemda sette for rekruttering av personar med innvandrarakgrunn i 2008.
- Tal og prosentdel tilsette med innvandrarakgrunn den 1.1.2009.

2.4.6 Likestilling - Aktivitets- og rapporteringsplikt

Alle offentlege verksemdar er pålagde å arbeide aktivt for å fremme likestilling både som arbeidsgjevar og som offentlig forvaltingsorgan, jf. likestillingslova § 1. Aktivitetsplikta inneber eit pålegg om å vurdere "kjønnsrelevansen" internt i organisasjonen og innafor dei aktuelle fag- og politikkområda med sikte på ei oppsummering av status samt oversikt over planlagde tiltak.

Det følgjer vidare av likestillingslova § 1 at verksemdene skal rapportere om "likestillingsstatusen, samt angi allereie gjennomførde, pågåande og planlagde tiltak. Denne rapporten skal inngå i verksemda sin årsrapport. Rapporten er m.a. eit underlag for den årlege rapporteringa om oppfølginga av likestillingslova si § 1 i budsjettproposisjonen.

2.5 Risikovurderingar og internkontroll

Frå 2008 er det forventa at risikostyring skal vere integrert i styringsdialogen mellom departementet og underliggjande verksemdar. Dette føreset mellom anna at:

- verksemda har eit tilfredstillande system for risikostyring
- vesentlege endringar i risikobiletet vert melde til departementet i styringsdialogen.

3. RAPPORTERING I 2008

3.1 Utarbeiding av årsrapport

Årsrapport for 2007 - Interimsorganisasjon for nytt forvaltningsorgan

"Bestemmelsene om økonomistyring i staten", punkt 1.5.1 krev at det vert utarbeidd årsrapport. For direktoratet ber vi om at det vert utarbeidd ein rapport for interimsorganisasjonen 2. halvår 2007. Frist for rapportering vil vere innan utgangen av februar 2008.

FAD ber om at det i rapporten for 2. halvår 2007 vert gjort greie for

- Om verksemda har nått mål og resultatkrav som er sette i St.prp. nr.69 (2006-2007), tildelingsbrevet for 2007, og andre relevante dokument.
- Budsjett- og rekneskapsrapport.

Eininga Noreg.no var fram til 01.01.08 ei sjølvstendig verksemd. Det er naturleg at Noreg.no utarbeider ein sjølvstendig rapport for året 2007 på tilsvarande måte som tidlegare. DSS vil på tilsvarande måte rapportere for e-handelssekretariatets verksemd i 2007 av di eininga til 01.01.08 var ein del av DSS.

Årsrapport for 2008 - Direktoratet for forvaltning og IKT

Det skal utarbeidast årsrapport for 2008 for DIFI der det vert gjort greie for om mål og resultatkrav sette i St.prp.nr.1 (2007-2008) og tildelingsbrevet for 2008 er nådd, sjå omtale i kapitel 2.2. Vidare skal årsrapporten innehalde budsjett- og rekneskapsrapport.

3.2 Rapportering gjennom året

Det skal sendast inn rapport for økonomistatus og resultat pr. tertial i 2008. Innhaldet i rapporten er nærare omtalt nedanfor.

Fristar for tertialrapporteringa i 2008:

- Rapport 1. tertial: 26. mai 2008
- Rapport 2. tertial med eventuelt innspel til nysalderinga 2008: 25. september 2008

Vi ber om at rapportane vert sende elektronisk og på papir.

3.2.1 Økonomirapporteringa

Det skal sendast inn rapport over budsjett, rekneskap og forventa bruk. Vi ber om at avvik over 5 % vert kommenterte, og at nødvendige tiltak vert omtalte. Tiltak for å halde rammene skal setjast i verk utan særskild oppmoding.

Økonomirapporten skal på postnivå som eit minimum innehalde omtale av:

- Disponibel løyving (tildelte midlar og evt. overføringar)
- Eventuelle omdisponeringar, jf. fullmaktene verksemda har
- Periodisert budsjett pr. tertial
- Rekneskap pr. tertial
- Forventa forbruk totalt i 2008
- Forventa meir-/mindreforbruk ved slutten av året

Det skal i tillegg lagast ei samla, oppdatert framstilling av forventa resultat for året for alle postar (utgifter og inntekter) som er omfatta av meirinntektsfullmaktene.

Ved utrekning av forbruk/inntekt på kvar post bør føresetnader og usikre moment forklarast. Større avvik må omtalast og forklarast.

3.2.2 Resultatkrav og andre føringar

Dersom ein i løpet av året finn at det vil oppstå vesentlege avvik i forhold til resultatmål og andre føringar, jf. pkt. 2. ovafor, skal det orienterast om dette i rapporteringa. Det skal òg orienterast om tiltak som vil verte gjennomførte.

3.2.3 Rapportering til statsrekneskapen

Jamleg rapportering til statsrekneskapen skal oppfylle krava i relevante rundskriv frå Finansdepartementet.

3.3 Styringsdialogen i 2008

FAD legg vekt på å utvikle styringsdialogen mellom leiinga i Direktoratet og departementet. Det er planlagt tre etatsstyringsmøte og tre faglege møte med Direktoratet i 2007

Føremålet med fagmøta er å rapportere framdrift og kunne diskutere fagleg innhald iht viktige delmål og aktivitetar, i tillegg til å rapportere på viktige faglege initiativ frå direktoratet og status for nye oppgåver frå departement og underliggjande verksemder. Form og innhald for fagmøta bør utviklast i lys av erfaring, men fagmøta må involvere leiinga både i departementet og direktorat, og bidra til å sjå heilskapen i verksemda. Det kan vere aktuelt å setje opp spesielle tema/område som ein kan gå djupare inn på i det aktuelle møtet.

Møtetidspunkt for etatsstyringsmøte:

1. Så snart leiinga for direktoratet er på plass. På møtet vert tildelingsbrev gjennomgått og drøfta. Vidare må planane for strategiarbeidet og prosessen for å etablere gode samarbeidsformer mellom departement og direktorat gjennomgåas og drøftast ved dette høvet.
2. Primo juni. På møtet vert m.a. årsrapporten (2. halvår) 2007 og rapporten for 1. tertial 2008 drøfta.
3. Primo oktober. På møtet vert m.a. 2. tertialrapport drøfta.

Møtetidspunkt for fagmøta :

1. primo mai
2. ultimo august
3. medio november

4. AVSLUTNING

Økonomiforvaltninga i interimorganisasjonen i 2008 skal vere i samsvar med vedlagde økonomiinstruks for Direktoratet.

I tråd med krav i § 7 i Reglementet for økonomistyring i staten og føringar gitte i dette tildelingsbrevet, vert løyvingane på kapitla 1521 og 4521 stilte til disposisjon for Direktoratet for forvaltning og IKT.

Med helsing

Heidi Grande Røys

Statsråd

Vedlegg:

1. Økonomiske og administrative fullmakter
2. Kalender 2008
3. Instruks for økonomiforvaltning
4. Beskriving av rolle- og ansvarsfordeling på IKT-området mellom FAD og DIFI

Kopi m/vedlegg: Riksrevisjonen